

Vestland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Bømlo, 2.12.2022

32217 KVERNANESET, SVEIO KOMMUNE – SØKNAD OM ENDRING AV LØYVE TIL AKVAKULTUR I FLYTANDE ANLEGG

Bremnes Seashore søker med dette om flytting av MTB frå lokaliteten Kvernaneset – maksimal tillaten biomasse (MTB) på 2 340 tonn i Sveio kommune til lokalitetene Tittelsnes (MTB 780 tonn) og Loddetå (MTB 780 tonn) i Sveio kommune, samt lokaliteten Svollandsneset (MTB 780 tonn) i Vindafjord kommune. Etter flytting av MTB vil då lokalitetane Tittelsnes, Loddetå og Svollandsneset kvar ha ein MTB på 3120 tonn.

Initiativet kjem som ein del av arbeidet med å endre lokalitetsstruktur i produksjonsområdet PO3 som Nærings- og fiskeridepartementet har bede oppdrettsnæringa om å gjennomføre.

Vi ber også med dette om at sakshandsaminga av denne saken blir samordna mellom Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune.

Vi har avtalt med Mattilsynet (jfr.. Møte 11.11.2022) om at dei skal samordne sakshandsaminga for denne saken.

Vi ber også om at Statsforvalterane i Vestland og Rogaland samordnar sin sakshandsaming.

Konsekvensen av denne søknaden vil bli at vi legg ned oppdrettslokaliteten Kvernaneset. Dette kan vi gjennomføre dersom vi får ja til alle tre søknadene om å utvide MTB ved lokalitetene Tittelsnes, Loddetå og Svollandsneset. Dersom sakshandsaminga viser at vi ikkje vil få godkjent ein eller fleire av delsøknadene, så vil vi med dette be om at i så fall blir ingen av søknadene godkjent. Då vil vi sørge for å rette opp dei tilhøva som ikkje blir godkjent før vi sender ny søknad om flytting av MTB.

Gebyr kr 72 000 (3x24 000 kr) for søknaden blei innbetalt til Fiskeridirektoratet 18.11.2022.

Plansituasjon og alternativ bruk av arealet

Søknaden er i tråd med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova. Det blir ikkje søkt om endring i anleggskonfigurasjon ved lokalitetane Tittelsnes, Loddetå og Svollandsneset.

Lokalitetane ligg ytst i Ålfjorden. Det er god avstand til hovedlei i fjorden. Fortøyingane til oppdrettsanlegg startar i vassoverflata og går med varierende helling ned til sjøbotnen for feste. Ei sone på 20 meter målt frå anlegget sine ytre rammer i vassoverflata er forbodssone for ferdsle jf. akvakulturdriftsforskrifta § 18. Utanfor denne sona er fortøyingane ikkje til hinder for ferdsle. Fortøyingane som kjem utanfor akvakulturområdet vil difor ikkje hindre ferdsle i farleiene.

Gjeldande kommuneplanar har sett av arealet til akvakultur, og det er difor ingen annan framtidig utvikling av arealet som vil vera i tråd med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova. Søknaden gjeld eksisterande matfisklokalitetar med gode driftstilhøve. Ettersom det er mangel på slike areal, bør områda brukast til oppdrett av matfisk.

Området ytst i Ålfjorden er del av større registrert fiskeplass for aktive og passive reiskap . Fortøyningane strekk seg ikkje lenger ut enn i gjeldande konfigurasjon, og det vil difor i praksis ikkje vera endring i høvet til å fiske.

Konsekvensutgreiing og verknad på miljø og samfunn

Bremnes Seashore meiner endringa i MTB ikkje kan få vesentlege endring i verknader for miljø eller samfunn. Kvernaneset ligg i same brakkleggingsområdet som lokalitetane Tittlesnes, Loddetå og Svollandsneset. Påverknad frå oppdrettsanlegg på utvandrande laksesmolt/sjøaure vil derfor i sum ikkje endre seg.

Det ligg to matfisklokalitetar innan fem kilometer frå Tittelsnes, Loddetå og Svollandsneset:

- 13867 Raunevåg (Lerøy Sjøtroll AS) 3,8 km sør for Loddetå, matfisk
- 27095 Ilholmane (Fjelberg Fjordbruk AS, Nordsjø Fjordbruk AS, Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS), 3 km aust for Tittelsnes, matfisk

I tillegg finn ein den landbaserte settefisklokaliteten 37977 Utboja land (Biocleanfish AS) 1,7 km aust for Svollandsneset.

Næraste lakseførande vassdrag er Ådlandsvassdraget i Stord kommune. Næraste nasjonale laksefjord er Etnefjorden-Ølsfjorden.

Tittelsnes:

Noomas si straummåling frå 2015 lokalitetsrapport (vedlagt):

«Vassutskiftingsstrømmen på 5 meter hadde en gjennomsnittsfart på 8,1 cm/s og spreiningstraumen på 15 m hadde ein gjennomsnittsfart på 8,7 cm/s. Ut i fra antall målinger går strømmen i hovedsak i sør-nord retning.

Siste MOM-B-undersøking er frå 2022 og gav miljøtilstand 1. Det er og gjennomført MOM-C undersøking i 2022.

Lokaliteten er blitt godkjent etter ASC-standarden (miljøstandard) i 2022.

Loddetå:

Rådgivande Biologer si straummåling frå 2007 lokalitetsrapport (vedlagt):

«Vassutskiftingsstrømmen på 5 meter hadde en gjennomsnittsfart på 9,4 cm/s og spreiningstraumen på 15 m hadde ein gjennomsnittsfart på 7,0 cm/s. Ut i fra antall målinger går strømmen i hovedsak i sør-nord retning.

Siste MOM-B-undersøking er frå 2022 og gav miljøtilstand 1. Det er og gjennomført MOM-C undersøking i 2022.

Lokaliteten er blitt godkjent etter ASC-standarden (miljøstandard) i 2022.

Svollandsneset:

Noomas si straummåling frå 2016 lokalitetsrapport (vedlagt):

«Vassutskiftingsstrømmen på 5 meter hadde en gjennomsnittsfart på 12,5 cm/s og spreiningstraumen på 15 m hadde ein gjennomsnittsfart på 5,2 cm/s. Ut i fra antall målinger går strømmen i hovedsak i sørvestlig retning.

Siste MOM-B-undersøking er frå 2022 og gav miljøtilstand 2: Ved neste utsett vil fisken bli fordelt på 9 merdar i to rekker i staden for 6 merdar på ei rekke. Dette vil gi mindre punktbelastning fordi arealet da vil vera 3x større enn tidlegare. Det er og blitt gjennomført MOM-C undersøking i 2022.

Lokaliteten er blitt godkjent etter ASC-standarden (miljøstandard) i 2022.

Vi har fått utarbeidd konsekvensutgreiingar for biologisk mangfold på alle tre lokalitetane.

Med venleg helsing
Bremnes Seashore AS

Jon Vikanes Buchvold
oppdrettssjef

Geir Magne Knutsen
fagsjef strategi og utvikling

Vedlegg:

1. søknadskart
2. sjøkart
3. gebyr akvakultursøknad
4. MOM-B-gransking 2022
5. MOM-C gransking 2022
6. lokalitetsrapport
7. fiskehelserapport
8. varslingsmatrise matfisk Hordaland
9. risikoanalyse
10. oversikt internkontroll
11. sannsyn- og konsekvensskildring til risikoanalyse
12. beredskapsplan ved massedaud og mistanke om eller utbrot av alvorleg smittsam sjukdom, matfisk
13. beredskapsplan ved rømming av fisk, matfisk